

Styremøte i SFSG 14. desember 2016 kl 10:30 – 15:45

Stad: Felleskjøpet Skei

Desse møtte: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Ingunn Reme, Odd-Jarle Øvreås og Lars Nesse

Forfall: Vidar Sandal

Saker

Sak 41/16: Arrangement/møter styremedlemene har delteke på sidan førre styremøte

- Lars: Leinarsamlinga på Skei 28. – 29.10
Ingunn: Styremøte gjetarhundnemnda 19.10, Leinarsamlinga på Skei 28. – 29.10, samling gjetarhund team Sogn og Fjordane 12.11
Ragnhild: Leinarsamlinga på Skei 28. – 29.10, Geite helg på Skei 19.11, kontaktutval rovviltsaker 24.11
Odd-Jarle: Leinarsamlinga på Skei 28. – 29.10
Jo: Leinarsamlinga på Skei 28. – 29.10, Geitehelg 2016 på Skei den 19.11 – 20.11
NSG sin avlskonferanse for Geit 3.12 – 4.12

Sak 42/16: «Nytt» frå Avlsutvalet sau, Gjetarhundnemnda og Geitegruppa

Avlsutvalet sau:

Det vert møte med ringane dagen før småfesamlinga i januar.

Geitegruppa:

Møte i september for å planleggje geitehelga, møte i samband med geitehelga der ein diskuterte jordbrukstingingane og evaluerte geitehelga.

Gjetarhund:

Møte i gjetarhundnemnda 19.10. Mål om at alle laga skal arrangere ei distriktsprøve kvart år. Møte for leiar i gjetarhundnemndene i januar.

Sak 43/16: Oppsummering av leinarsamlinga 2016

Litt for kort tid på innlegget frå Animalia. Hadde vore nyttig med ein spørsmålsrunde i etterkant. Positiv erfaring med å ha det over 2 dagar. Nyttig med innleiar frå NSG. Ei kjekk helg.

Postadresse:
Ragnhild Sæle
Stranda 57
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342
E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 971 115 599

Sak 44/16: Oppsummering av «Geitehelg 2016»

Starta ein halv time tidlegare enn før med lunch på laurdagen. Fagleg gode innlegg. Det var litt færre frammøtte i år enn i fjor.

Sak 45/16: Resultat pr. 30.11.16

Me gjekk gjennom rekneskapen. Pr 30.11 har me vel 100 000 kr i overskot, men ein del utgifter kjem i desember.

Sak 46/16: Stad for årsmøte. Årsmelding 2016 – fordeling av oppgåver

Me har henta inn prisar frå ulike hotell. Det er små prisskilnader og me går for Skei 24. – 25. februar.

Fordeling av oppgåver: Lars tek hovudansvaret for årsmeldingsheftet og får inn dei dokumenta som skal, Ragnhild skriv leiar, Jo rekneskap, Ingunn årsmelding for gjetarhundnemnda, Odd-Jarle skriv årsmelding for fylkesstyret. Tidsplan for årsmøtedagane om lag som i fjor. Odd-Jarle sender skriv til valnemnda.

Forslag til tema: landbruksmeldinga, ørn, felleskjøpet/nortura.

Sak 47/16: Innspel til jordbrukstingingane.

Me gjekk gjennom forslag frå arbeidsgruppa. Med nokre endringar går me inn for å sende det ut til lokallaga på høyring.

Sak 48/16: Handsaming av innkomne framlegg på kandidat til «Gromsau»

Me støttar innkome forslag, og vidaresender det til NSG.

Sak 49/16: Innspel til valnemnda i NSG

Me gjekk gjennom skriv frå valnemnda og laga forslag til innspel frå SFSG.

Sak 50/16: Landbruksmeldinga

Me set oss inn i jordbruksmeldinga og drøftar det, i styret, på småfesamlinga.

Sak 51/16: Æresmedlem lokallag

Me støttar framlegg til æresmedlem i lokallag.

Sak 52/16: Sau og Geit e-post adresser

Odd-Jarle sender melding til alle lokallaga om at sau og geit e-postadressene vert nedlagde frå nyår.

Sak 53/16: Søknad om aktivitetsmidlar frå Breim Sau og Geit

Midlar løyvt på budsjettet til SFSG for 2016 skal brukast på aktivitetar for medlemmane gjennomført i 2016. I søknaden frå Breim Sau og Geit er det lagt ved rekneskap for 2015. Me har tidlegare gjeve tilskot på 5000 kr for aktivitet i 2015, utbetalt i 2016. Me finn såleis ikkje å kunne imøtekome denne søknaden.

Referent

For styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit

Odd-Jarle Øvreås
Sekretær